



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen
Dato: 16. februar 2017
Tid: Ca. kl. 19.30 (etter møtet i fellesrådet)
Møtenr.: 2/2017

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Terje Havro	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest <u>N.B. Ord for dagen</u>
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Faste medlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
-------------	-----------------

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem

Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten



Sakliste:

Saksnr.	
S-07/17	Konfirmantundervisning i regi av kyrkja og IMS, drøftingssak
S-08/17	Arrangement i kyrkja sin regi
S-09/17	Årsmelding 2016
S-10/17	Godkjenning av referat
S-11/17	Meldingssaker
S-12/17	Open post

S-Sak 07/17: Konfirmantundervisning i regi av kyrkja og IMS, drøftingssak

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Behandling i Soknerådet 16. februar 2017

Soknerådet vert orientert om møtet og ynskjer eit fortsatt godt samarbeid mellom kyrkja og IMS.

Vedtak: (samrøystest)

Soknerådet tek orienteringa til etterretning. Vi ynskjer framleis eit godt samarbeid mellom Fitjar kyrkje og IMS.

F-Sak 08/17: Arrangement i kyrkja sin regi

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Behandling i Soknerådet 16. februar 2017

Soknerådet har oppnemnt ein komite som har ansvaret for kyrkjelydsfesten 26. mars rett etter gudstenesta. Det skal serverast middag og kaffi med kaker til 200 personar. Bedehuset er bestilt.

Det vert kyrkjelydstur til Helgatun. Det er alt 50 påmelde. Soknepresten foreslo å be dei syriske og eritreiske kristne som bur på Fitjar med på turen.

Vedtak:

Soknerådet har gått gjennom arrangement i kyrkja si regi som både har vore og som kjem.

F-Sak 09/17: Årsmelding 2016

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Behandling i Soknerådet 16. februar 2017

Soknerådet diskuterte malen for årsmeldinga frå i fjor og meinte den kan nyttast i år også med eit punkt i tillegg om kyrkjemusikalsk arbeid.

Vedtak: (samrøystes)

Soknerådet nyttar same mal som i fjor med eit nytt punkt om kyrkjemusikalsk arbeid. Soknerådet må få den foreløpige årsmelding til behandling i neste møte.

S-Sak 10/17: Godkjenning av referat

Framlegg til vedtak:



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 19. januar 2017.

Behandling i Soknerådet 16. februar 2017

Vedtak: (samrøytes)

Som framlegg.

S-Sak 11/17: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Behandling i Soknerådet 16. februar 2016

I møtet vert det orientert om desse sakene:

1. Utmelding frå kyrkja den siste tida v/ soknepresten
Sidan kyrkjemøtet sitt vedtak om ny ekteskapsliturgi for likekjønna har 12 personar meldt seg ut av kyrkja i Fitjar og ingen nye innmelde.
2. Nattverd i gudtenesta, indiksjon og knefall v/soknepresten
Soknepresten meiner at presten som har gudstenesta må få bestemma om det skal nyttast intinksjon, knefall eller både/og ved nattverd.
3. Kyrkja si heimeside og Facebook v/kyrkjeverjen
Fitjar kyrkje har ikkje link mellom heimesida og Facebook.
Må profilera vår kyrkje betre.
Ynskjer meir kyrkjestoff.
Ynskjer ein ansvarleg redaktør for heimesida.
4. Lutherfest i Bergen 3. – 5. mars v/sokneprest
Det er ei nasjonal feiring.
5. Gjevartenesta i kyrkjelyden v/kyrkjeverje
Det har vore ei auke frå 29 til 40 faste gjeverar.
6. Kyrkjemøtevedtak
Det er vedteke to syn på ekteskapet og det fører med seg at begge liturgiane kan nyttast, og at det er prestane som veljer etter deira overbevisning.

Vedtak:

Som framlegg.

Sak 12/17: Open post

Behandling i Soknerådet 16. februar 2017

Informasjon om

- Ungdomsting i Bergen i Bjørgvin bispedømme. Fitjar sender 2 representantar.
- Kontrakt om misjonsprosjekt med NMS må skrivast under på. Kontaktgruppa har hatt møte. Kollekt til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt vert kvar fyrste dag i kyrkjeåret, 1. juledag, 1. påskedag og 1. pinsedag.
- KN (Kirkens nødhjelp) kontakt Sindre Aarbø har motteke e-mail om fasteaksjonen. Elles undrast han om kva slags oppgåve han har som kontakt. Det vart enighet om at hans viktigaste oppgåve er å motta e-mail frå KN.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Signering:

Sekretær

Leiar